

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim

# Kyrkjebakken 50 år i 2021

10. september 1971 kom første nummer av «Meldingsblad for Austrheim Sogn» ut. Dette skjedde på initiativ frå tidlegare sokneprest Per Einar Sønnesyn i samarbeid med Bjarne Nordgard, som då arbeidde i kommuneadministrasjonen.

Berre nokre nummer seinare hadde bladet fått namnet «Kyrkjebakken». Mykje har skjedd sidan to arbeidslag med friviljuge veksla på å laga, lesa korrektur, stensilera opp og distribuera bladet. Arbeidet med bladet vart i si tid utført i eit eige rom i kyrkjelydshuset.

Kor mange nummer som har kome ut årleg har variert.

Dagens Kyrkjebakken kjem ut med

9 nummer i året og bladet vert laga på Trykkservice i Knarvik. Her får vi god hjelp med profesjonell layout. Dagens redaksjon består av Jostein Hauge som redaktør, Britt Rebnord, Jorun Kårdal og Leif Arne Økland.

Vi ønskjer å gje ut eit jubileumsnummer til hausten og kjem til å utfordra ein komite til å arbeida med dette denne varen.

*Leif Arne Økland – kyrkjeverje.*



*Kyrkjebakken nr 01 – 2021 – januarnummeret – 50 årgang! – nytt stoff innan 12 februar*



# KYRKJEBAKKEN

*Informasjonsblad for Austrheim sogn*



## Kyrkjeskys

Treng du skys for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35  
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90

E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale  
Kyrkjevevjerje:

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Minde 906 95 377  
Kyrkjevevjerje Leif Arne Økland 40 06 52 31  
Organist og kyrkjelydspedagog  
Jostein Hauge 40 46 62 11  
Kyrkjjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58  
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

## KYRKJEBAKKEN

### Redaksjonen

Utgevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Jostein Hauge,  
Redaksjon: Jorunn Kårdal,  
Britt Rebnord,  
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Sjå heimesida og facebookside  
vår for videohelsingar  
og informasjon.

Søndag 31.januar  
diverre avlyst

Fredag 19.feb kl. 18.00  
Gudsteneste for alle

Søndag 21.feb kl. 11.00  
Gudsteneste  
ved Rune Minde



# Planten ein ikkje blir kvitt

Eg har i mange samanhenger, både for meg sjølv og andre, brukt bilde av ein plante som læremeister om det viktige i livet. Eg snakkar om løvetannplanten. Midt på kaldaste vinteren ligg den på lur og er ein av dei første plantane som viser seg når snø, kulde og mørker slepp tak. Alf Prøysen har vel kanskje meir enn nokon gitt denne planten eit positivt omdøme i den herlege visa om vesleguten som stolt kjem til mor si med årets første løvetann, herleg lysande av gult frimodig liv!

Mange gonger har eg gått med plenklipparen for å fjerna blomsten frå plenen. Ikkje sjeldan har eg måtta gått over plenen fleire gonger for at kløpparen skal få med seg løvetannblomsten, den berre bøyer seg unna og nærast gøymer seg mellom strå og gras og er klar til å retta seg opp så snart klipparen er parkert! Tar ein opp planten verkar den ganske skjør: berre eit rør som ein nesten ikkje skulle tru kunne bæra vekta av den ganske store blomsterkruna. Og til og med om eg er sikker på at eg har fått med meg blomsten i plenkløpparen: dagen etter kan det jammen stå ein ny løvetann og vinka frimodig til meg. Kan du forstå at ein slik plante til og med har kraft i seg til å dukka opp gjennom asfalt??

Løyndommen ligg sjølvstekt i det ein ikkje ser: rotsystemet. Du har sikkert som meg prøvt å fjerna rota til ein løvetann. Det er ikkje enkelt. Den borar seg djupt nedover og forgreiner seg i mange retningar og endar til slutt opp i små tynne trådar som er heilt umogeleg å få med om ein prøver å dra den opp.

Det er og her livslærdommen ligg gøymt: liva våre er meir enn det vi tenkjer om oss sjølve og kanskje om andre. Vi kan nok kjenna det som om det har rast ein plenklippar over liva våre i det siste, både gjennom pandemien som herjar og dei mange ulukker som har ramma uskuldige menneske.

Men nett i ein slike situasjon trur eg det er viktig å ta inn over oss at Gud inviterer oss til å la våre liv vera rotfesta i noko større enn det vi kan sjå og kjenna. I evangelieteksten for ein av søndagane no i januar brukar Jesus eit anna bilete om det same: «... den som drikk av det vatnet eg vil gje, skal aldri meir tørsta. For det vatnet eg vil gje, blir til ei kjelde i han med vatn som bryt fram og gjev evig liv.» (Joh.4,14).

Eg kjenner at når eg tar meg tid til å lesa i Guds Ord, til å ta ei stille stund med bøn til Gud for meg sjølv og andre då skjer det noko med meg. Det er akkurat som om dette vatnet Jesus talar om får vella fram, og at rotsystemet i livet mitt blir djupare grunnfesta i ein god, usynleg realitet.

Også det å samlast i felleskap med andre omkring den kristne bodskapen kjenner eg har noko av den same verknaden. Eg hadde gledd meg til at det no skulle opnast opp for fysiske møtepunkt i 2021, og så må vi i staden starta det nye året med å avlysa gudstenester. Det er som ein ny runde med plenklipparen..... I det eg sit og formulerer andakten kjem statsministeren på skjermen og fortel om 14 nye dagar med nedstenging. Likevel: vi anar no lyset i enden av tunnelen. I fjor måtte vi ta den tunge avgjerda om å avlysa dei fysiske påskegudstenestene. Eg håpar og trur at vi kan møtast fysisk før det. Men kanskje blir påskedagsfeiringa i år ei ekstra sterk feiring?? Det er kanskje dristig, men eg kjenner forventninga fyller meg med tanke på at vi kanskje då skal få jubla ut «**Deg være ære, Herre over dødens makt**», **få dela nattverden og kjenna varmen frå kvarandre og Gud fylla liva våre.** «**For eg er viss på ..... at verken det som no er eller det som koma skal....., skal kunna skilja oss frå Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre.**» (Rom. 8, v.38-39)

Rune Minde



# Austrheim sokn

## Døpte

15.november:

06.des 2020  
Ask Solberg Fredheim

06 des 2020  
Nora Sognefest



## Gravlagde

22.12.2020  
Thordis Hansine Sundffjord f. 1928

22.12.2020  
Helga Borgny Kårdal f. 1923

19.01.2021  
Alf Georg Borge f. 1928 (bisetjing)



## DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## MINI FRISØRSALONG

Ønker velkommen  
til gamle og nye kunder.

Vi treffes på Åråshøgda 19.  
Timebestilling: Man- Fre.  
Telefon 56169200/ 95214616

Alla Kurinna



Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset

MNTF



Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35



## Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggboe@online.no

## Hjarteleg takk

til diakoninemnd for sjokoladen eg fekk til 99-årsdagen min og takk til Britt som kom med den.

Helsing Nora Hauge

## Hjarteleg takk

for all venleg deltaking, telefonar, blomsterhelsingar og gode ord ved vår kjære Helga Borgny Kårdal sin bortgang.

Ei ekstra takk til fastlege Jarle Gallefoss og Heimesjukepleien i Austrheim. Takk og til Nordhordland Begravelsesbyrå, prest Rune Minde, og Jostein Hauge for nydeleg sang.

Jorunn og Rune

## Mange takk

«Mange takk til diakoninemndfor ei hyggeleg helsing på min 80 års dag ogtakk til Bjørg Lervåg som overleverte den smakfulle helsinga. Mange takk til Lindåsneset sanitetslag for blomst og jule og nyttårshelsing.

Helsing Jan Nordbø.

## Takk

til alle som husket meg på 91 års dagen min.

Borgfrid Brügger.


**Vatne**  
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Ring døgnvakt:  
56 35 09 10  
www.vatne-byra.no  
Kvassnesvegen 11  
5914 Isdalsbø

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

# Min salme

Marit Helen Gjerde Skoge



Å få spørsmål om å skriva om Min salme, var veldig kjekt- men og litt vanskeleg. Det er tre salmar som slost om toppen, og eg vel å sleppe alle tre til- om enn i ulike mengde.

Deg å få skoda er nok favoritten. Teksten er irsk, og opprinneleg frå 700-talet. Seinare vart den omarbeidd til engelsk, og oversatt til norsk i 1978. At salmen har fått ein heilt fantastisk melodi- gjer at eg hugsar den betre. Teksten begynner litt innvikla: «Deg å få skoda er sæla å nå.» Enkelt betyr dette at ser me kven Gud er for oss, er det det til det beste for oss.

Livet folkens- kan vere ein fest når alt går på skinner. Når dagane er lyse og lette. Treng me Gud når livet smiler? Ja, den irske salmediktaren frå 700-talet er ganske tydeleg på at Gud trengst gjennom heile livet.

For det er jo faktisk slik at ingen opplever berre medgang, vind i ryggen og solskinn- sjølv ikkje i Austrheim. Livet er ikkje rettferdig, mange får så altfor mykje av tunge borer. Alle har me vårt.

At livet skiftar- det er noko me kan vere samde om.

Ein som ikkje skiftar, er Gud. Han er stabil trufast og klok. Han har skapt oss, og difor har me ein uendeleg verdi for han. Heile salmen fortel oss korleis vårt forhold til Gud kan vere. Trygt og godt, omsorg i alle livets fasar- rådgjevar heilt til det siste.

Verda er inne i ein uverkeleg tilstand. Kven hadde trudd dette? Pandemi? Begrensningar i dagleglivet? Sosial avstand? Det er her den andre salmen kjem inn:

«Nærmere deg, min Gud. Nærmere deg. Om det et kors enn er som løfter meg. Synes meg veien trang, er det dog all min sang: Nærmere deg, min Gud. Nærmere deg.»

I vanskelege tider- kva med å søke Gud?

Tilslutt: to vers av tredje salmefavoritt.

Teksten talar for seg sjølv.

«Ingen kveld kan læra bekken fred og ro, inga klokke bera bonom kvilebod.

Så mitt hjarta stundar, bankande i barm, til eg eingong blundar i Guds faderarm.»

*Ynskjer deg alt godt for året som ligg framfor!*

*Deg å få skode er sæla å nå, Gud, ver det syn som mitt hjarta vil sjå; ver du for tanken min dyraste skatt, ljuset som strålar ved dag og ved natt!*

*Ver du min visdom, mi sanning og troyst, tal du det levande ord med di royst! Far, lat meg vere barn her hjå deg. Kom til meg, Herre, ja bu du i meg!*

*Ver du i striden mitt skjold og mitt sverd; ver du det merke som syner mitt verd, livd for mi sjel, den tryggaste vakt; lyft meg mot himlen, du makt i mi makt!*

*Rikdom og ære, som menneske gjev, er ikkje meir enn den morknande vev Du er min arv som varer til sist, himmelske konge, det veit eg for visst*

*Konge i æva, å lat du meg då, sigrande inn i ditt rike få gå! Ver du mi tru, den vona eg ber til eg får skode din herlegdom der*

*Følg med på heimeside og facebooksida vår for å høyre denne salmen framfort.*

## KLØVERTUR

Årås sanitetsforeining startar opp med kløvertur annankvar onsdag. Første tur går 3.feb kl. 13 til Vardetangen.

Oppmøte Hurtigbåtkai Vardetangen.

Ynskjer sanitetskvinner og andre velkomen til ein kjekk tur.

Treng du skys, kontakt:  
Johanna Kollsete Lerøy  
tlf 91181071



Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887



Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



# Julafta gudsteneste

2020 var året der alt måtte gjerast annleis. Då jula nærma seg og me såg at det ikkje gjekk med vanlege julegudstenester, då slo me til og arrangerte utegudsteneste. Me gjekk på med Pippi sitt pågangsmot: Dette har me ikkje gjort før, så det får me det sikkert til. På julafta samla me ein god flokk på plassen utanfor kyrkjelydshuset. Sjølv om det hadde vore masse regndagar i tida fram mot julafta, så fekk me opplett og kaldt vêr når dagen var der. Trond Einar hadde laga det veldig fint til med farga lys og god lyd. Svanhild og Amelie hadde pynta og laga til flott altar ute. Simon-Emiil, Sebastian, Andreas og Tobias stilte opp og spelte korpsinstrument og var med og skapte skikkelig julestemning. Bjarne

var klokkar og Rune hadde ei flott preik som me kunne starta julefeiringa på. Austrheimkyrkja er veldig heldige som har ei fast forsongargruppe med på gudstenestene, og nokre av dei var med på julafta. Amelie, Ann Kristin, Astrid, Svein Tomas og Trygve leia oss trygt gjennom julesongane. Amelie framførte «Mitt hjerte alltid vanker» med si nydelege stemme, og til postludium song Jostein «O helga natt» med si djupe røyst. Under preika skulle me dele lyset i verda, og då tende me faklane som var delt ut. Til slutt gjekk me samla i fakkeltog bort til kyrkja. Der samla me oss og song Deilig er jorden før kyrkjeklokkene ringte inn jula. Dette er eit godt minne å ta med seg vidare.





Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvare - Bokhandel/Leikar  
 Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Targehandel - Båt/Fiskeutstyr



**Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.**

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



### Stiftelsen Giving Hope to a Child

støtter no 4 skular i Liberia. Eit av dei fattigaste landa i verda.

Ei støttegruppe har no i 2-3 år samla inn og panta plastflasker til inntekt for GHTAC. I 2020 fekk vi inn over kr 27.000 ! Dette gir skulegang, skuleuniform og skulemateriell for om lag 10 born i eit år.

Totalt støtter GHTAC skulegang for i alt 400 born i Liberia

Dette ynskjer vi å utvide !  
 Kan DU tenke deg å ta del i denne dugnaden og samle panteflasker til GHTAC ?  
 Ta kontakt med innsamlingsansvarleg Kjell-Tore, tlf 90092739, så kjem vi og hentar det du har av pant.

Alt vi gjer er rein dugnad til GHTAC.

For meir informasjon sjå heimesida vår:

[www.givinghope.no](http://www.givinghope.no)

eller på facebook:

[www.facebook.com/givinghope/no/](http://www.facebook.com/givinghope/no/)



## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgret.

Legevakt **116117**

### Austrheim legekontor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

Kl.08.30 - 15.00.

Telefontid: 08.30 - 12.00 og  
13.00 - 15.00.

### INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

### Års helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

## NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55


Heimesjukepleien: 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)

# Gudsteneste for alle

Heldigvis fekk me lov til å samlast for å feire Gudsteneste for alle no i desember. Me hadde ei flott stund saman. Den vart litt annleis enn vanleg. Til dømes kunne me ikkje ha nattverd grunna smittevernhen-syn, men me hadde ei koseleg stund der Rune snakka om døyparen Johannes og at han var slektningen til Jesus. Me fekk syngje saman gode, kjente julesongar og kjenne på det varme fellesskapet. Kristin fekk tenne lys i adventstaken, og dei som ville fekk tenne lys i lysgloben etter-

på. Her gjekk me både i kohort og ein etter ein. Til slutt song Jostein julesongen sin som heiter Kanskje det snør.

*Kanskje det regnar hos oss  
Og kanskje det snør  
Ja, kanskje eit julenek bles  
bort frå vår dør  
Men jula den finn du i ditt  
hjartesinn  
Og det er du som må  
sleppe den inn*



**KILSTRAUMEN**  
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: [WWW.KILSTRAUMEN.COM](http://WWW.KILSTRAUMEN.COM)



# Presentasjon av konfirmantane

Dette konfirmantåret starta midt i ein pandemi, så her har me forandra litt på korleis me gjennomfører undervisninga. Nytt av året er at dei vert undervist i 3 kohortar. Ein for Kaland, ein for Årås og ein for Fedje. Til vanleg ville alle tre kohortane vore samla, men ein positiv ting med dette er at me som underviser får koma litt nærare på konfirmantane når dei er i små grupper. Me fekk ikkje ha presentasjonsgudstjeneste, men her skal du få sjå dei flotte konfirmantane våre. Ta dei med i dine bønner.



**Øverst fra venstre:** Emma Sleire Hopland, Erlend Sætre, Sara Nordgulen Vårbakken, Anders Gjerde Skoge, Christina Meling Leirvåg, Annicka Westerfors Sletten, Andreas Vågenes, Julian Jensen Risnes, Vegard Lohne Thorsen  
**Midten fra venstre:** Karoline Budal Soltveit, Marius Hovda Hansen, Karoline Njøten Fagerbakke, Even Atle Syslak-Håland, Daniel Vårbakken, Joakim Øksnes, Oliver Klemmet Sætre  
**Nederst fra venstre:** Zarah Annabelle Thorpe, Ida Fonnes, Aurora Øksnes Nordgard, Cathrina Nesse Karlsen, Maria Bettina Thorpe, Andrea Lerøy, Frida Hjertaas



KONFIRMANT\*  
2021

**Bak frå venstre:**  
Dennis Frøvik,  
Tobias Orellana Rolland,  
Aron Steinagard  
**Midten frå venstre:**  
Marte Sofie Furelid Solberg,  
Are Sognnes  
**Framme frå venstre:**  
Jonas Gullaksen Fonnes,  
Caroline-Madelén Dyngeland  
Monslau, Oda Flotve Vik

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

«Følg med på Facebook eller plakat for eventuelle endringar grunna smittevern»

God bok



## FUNNET SKINNHANSKER

Vi fant nye skinnhansker (dame) 1.juledag på vegen nedenfor kirken (sannsynligvis julegave).

Vennlig hilsen  
Audhild Austrheim,  
mobil: 48183068



## ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 7. feb kl 11:00. Formiddagsmøte v/Reidun Skurtveit.  
Søndag 21. feb kl 11:00. Formiddagsmøte v/Odd Sverre Hove.  
Søndag 7. mars kl 11:00. Formiddagsmøte v/Reidun Skurtveit.  
Søndag 28. mars kl 11:00. Formiddagsmøte v/Christian Skoge.

Følg med på facebook og websida for evt endringar i møteform som følge av smitte-situasjonen.

Bedehusdagen i fjor vart avlyst pga covid 19.

Styret rettar ei takk til alle som trass avlysinga gav støtte til drift av huset. Dei vart med i trekning av eit gavekort på kr 1000. Vinnaren var Laila Austrheim.

Velkommen til samlingane! [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
Austrheim Indremisjon på Facebook.

